



Fordypningsoppgave

VBU723 Psykososialt arbeid med barn og unge

Barnets erfaringar før plassering i fosterheim påverkar relasjonen mellom fosterbarn og fosterheim.

Hege Lid Tomren Nystøyl

Totalt antall sider inkludert forsiden: 29

Molde, 25.05.2016



Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiattkontrollert i Ephorus, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Helene Hoemsnes

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato:

Antall ord: 10484

Sammendrag

Valet av tema til fordjupningsoppgåve var egentleg ganske lett for meg. Gjennom jobben min har møtt mange fosterbarn og fosterfamiliar, og eg lar meg engasjere av dei prosessande som skjer i den store overgangen det er når ein barn flyttar ut av familien sin og inn i ein annan. Eg ønskja å finne meir ut av dette, og valde difor følgjande problemstilling:

« Barnets erfaringar før plassering i fosterheim påverkar relasjonen mellom fosterbarn og fosterheim»

For å undersøke dette nærare valde eg å belyse problemstillinga frå to ulike synsvinklar, frå fosterbarnets perspektiv og frå fosterforeldra sitt perspektiv. Eg har i hovudsak nytta relasjonell teori og tilknytningsteori. Den relasjonelle teorien hjelper oss til å forstå kor mykje ein relasjon har å seie, og korleis den påverkar oss både bevisst og ubevisst. Tilknytningsteorien fortel oss kva som er viktig i barnets omsorg for at det skal få ei god utvikling og kva som er konsekvensane av dårleg omsorg. Teorien kan også hjelpe oss til å forstå kor krevjande det er for eit fosterbarn å skulle tilpasse seg ein ny omsorgsbasis.

I diskusjonsdelen teikna det seg eit tydeleg bilete av at erfaringane til barnet og måten det vert møtt på, har stor gjensidig påverknad. Barnet sine erfaringar vil i stor grad prege korleis det vil opptre, men like viktig for ei positiv utvikling er korleis det vert møtt. Det dannar grunnlaget for ein positiv og utviklingsfremjande relasjon. Dersom relasjonen mellom dei vert tillitsfull og god, er sjansen stor for at barnet vil få ei betre fungering og plasseringa kan vare over tid. Dersom dei ikkje mestrar dette, er det lett for å gå seg fast i eit dårleg mønster, og fosterforeldra kan kjenne på kjensla av å mislykkast.

1.0	Innleiing	1
1.1	Bakgrunn for valg av tema	1
1.2	Problemstilling	1
1.3	Definisjon av sentrale begrep	2
1.3.1	Erfaring	2
1.3.2	Fosterheim.....	3
1.3.3	Relasjon.....	3
2.0	Metode/ framgangsmåte	4
3.0	Presentasjon av forskingsartiklar.....	5
3.1	«Fosterbarn med tilknytningsvansker og tilknytningsforstyrrelser – hvilke veilednings- og behandlingsmetoder bør vi anbefale?».....	5
3.2	«Tilknytningsteori i møte med praksisfeltet ved plassering av små barn i fosterhjem».....	6
3.3	«Traumebevisst omsorgs tre grunnpillarer»	6
3.4	«Ettervirkninger av traumatiserende barndom og oppvekst».....	7
4.0	Presentasjon av grunnleggende teori	8
4.1	Tilknytningsforskning	8
4.1.1	Trygg Base modellen – en veileder for fosterforeldre.	10
4.2	Trygghetssirkelen	12
4.3	Relasjonell teori.....	13
5.0	Diskusjon.....	14
5.1	Fosterbarnet sine erfaringar og bidrag i samspelet.....	15
5.1.1	Kategori A – Unnvikande tilknytning	15
5.1.2	Kategori C - Ambivalent tilknytning	18
5.1.3	Kategori D – desorganisert tilknytning	20
5.2	Fosterforeldra sine erfaringar og bidrag i samspelet	23
6.0	Avslutning	26
7.0	Litteraturliste.....	28

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for valg av tema

Eg har min bakgrunn frå den kommunale barneverntenesta og har arbeidd mykje med barn under omsorg. Valet av tema til fordjupningsoppgåve var eigentleg ganske lett for meg. Gjennom jobben min dei siste 14 åra har eg møtt mange fosterbarn og fosterfamiliar. Mang ein gang har eg undra meg over kvifor ting har blitt som det er, korleis ein kan forstå det som skjer betre, og kva som skal til for at desse barna skal få det endå betre i framtida. Det er mange prosessar som vert sett i gang når barna flyttar inn i ein ny familie. Det er ei enorm omvelting for dei. Berre tenk på den førebuinga familiar vanlegvis gjer i forkant av anten ei flytting eller ved overgangen frå barnehage til skule. Då har dei sine nære rundt seg som støttar dei gjennom heile prosessen. Dei barna som flyttar i fosterheim skal bytte både skule/barnehage, vennar, bustad, nærmiljø, og sist men ikkje minst familie på ein og same gang. I tillegg så har dei med seg ein bagasje med vonde erfaringar og eit brot med alle sine nære. Eg finn det svært interessant og nyttig å auke kunnskapen min om dette og eg ønskjer difor å fordjupe meg i temaet.

1.2 Problemstilling

Denne oppgåva byggjer på ein påstand som er formulert som ei problemstilling. Mi problemstilling i denne oppgåva vert som følgjer:

« Barnets erfaringar før plassering i fosterheim påverkar relasjonen mellom fosterbarn og fosterheim»

I drøftingsdelen vil eg drøfte påstanden ut frå to ulike innfallsvinklar. Det eine er fosterbarnet sine erfaringar og bidrag, og det andre er fosterforeldra sine erfaringar og bidrag. Eg har i hovudsak nytta relasjonell teori og tilknytningsteori.

1.3 Definisjon av sentrale begrep

For at det ikkje skal vere tvil om korleis eg har valt å definere og forstå problemstillinga og innhaldet i den, vil eg definere sentrale begrep som ligg i problemstillinga slik at det kjem tydeleg fram kva eg har tenkt. Dette er mi tolking, men det fins sjølvsagt andre måtar å forstå det på.

1.3.1 Erfaring

Erfaring er eit vidt begrep som kan forstås på mange ulike måtar. I denne samanhengen er eg ute etter barnets erfaring i den omsorgsbasen det hadde før plassering i fosterheim. Eg vil knytte det opp til lovteksten i Lov om barneverntenester § 4-12. Lovteksten definerer også kva barn dette gjeld.

§ 4-12. Vedtak om å overta omsorgen for et barn.

Vedtak om å overta omsorgen for et barn kan treffes

- a) dersom det er alvorlige mangler ved den daglige omsorg som barnet får, eller alvorlige mangler i forhold til den personlige kontakt og trygghet som det trenger etter sin alder og utvikling,*
- b) dersom foreldrene ikke sørger for at et sykt, funksjonshemmet eller spesielt hjelpetrengende barn får dekket sitt særlige behov for behandling og opplæring,*
- c) dersom barnet blir mishandlet eller utsatt for andre alvorlige overgrep i hjemmet, eller*
- d) dersom det er overveiende sannsynlig at barnets helse eller utvikling kan bli alvorlig skadd fordi foreldrene er ute av stand til å ta tilstrekkelig ansvar for barnet*

Et vedtak etter første ledd kan bare treffes når det er nødvendig ut fra den situasjon barnet befinner seg i. Et slikt vedtak kan derfor ikke treffes dersom det kan skapes tilfredsstillende forhold for barnet ved hjelpetiltak etter § 4-4 eller ved tiltak etter § 4-10 eller § 4-11.

Et vedtak etter første ledd skal treffes av fylkesnemnda etter reglene i kapittel 7.

Ved å avgrense oppgåva til å omhandle barn som er plassert etter § 4-12 i lov om barneverntenester, vert barn som er plassert på andre paragrafar utelukka. Dette gjeld mellom anna barn som er frivillig plassert, dei som vert plassert direkte frå fødeavdelinga og dei som er plassert etter dei såkalla åtfærdsparagrafane, § 4-24, §4-25 og §4-26 (Barnevernlova, 1993).

1.3.2 Fosterheim

I § 4-22 i barnevernloven vert fosterheim definert slik:

«a) private hjem som tar imot barn til oppfostring på grunnlag av barneverntjenestens beslutning om hjelpetiltak etter § 4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter § 4-12 eller 4-8, annet og tredje ledd

b) private hjem som skal godkjennes i henhold til § 4-7.»

Barne- og familiedepartementet fastsette 18. desember 2003 ei forskrift om rekruttering av fosterheimar. I forskriftas § 3 vert det stilt følgjande krav til fosterforeldra:

«Fosterforeldre må ha særlig evne, tid og overskudd til å gi barn et trygt og godt hjem. Fosterforeldre må ha en stabil livssituasjon, alminnelig god helse og gode samarbeidsevner. De må også ha økonomi, bolig og sosialt nettverk som gir barn mulighet til livsutfoldelse. Fosterforeldre må ha god vandel og må kunne legge frem tilfredsstillende politiattest, jf. barnevernloven § 6-10 tredje ledd».

I § 4 i forskrifta vert det nemnt kva krav som vert stilt til barneverntenesta når dei skal velge fosterheim til eit barn:

«Ved valg av fosterhjem til et barn skal barneverntjenesten legge avgjørende vekt på hensynet til barnets beste, jf. barnevernloven § 4-1. Barneverntjenesten må vurdere om fosterforeldrene har de nødvendige forutsetninger til å ivareta det enkelte barns særlige behov, bl.a. sett i lys av barnets egenart, formålet med plasseringen, plasseringens forventede varighet og barnets behov for samvær og annen kontakt med familie».

1.3.3 Relasjon

Eg har valt å bruke Anne-Lise Løvlie Shibbye (2014) å ha eit teoretisk utgangspunkt i diskusjonen. Forfattaren er opptatt av at mennesket er omskiftelig i natur og at relasjonane

har sirkulære årsakssamanhengar. Mennesket er ikkje separate objekt, men har sin veremåte under stadig påverknad av seg sjølv og andre.

Eg syner i tillegg til Røkenes og Hansen (2012) som representerer ein litt anna innfallsvinkel til tankar om relasjon.

2.0 Metode/ framgangsmåte

Eg har vald litteraturstudium som min forskingsmetode i denne oppgåva. Dette har eg gjort på bakgrunn av praktiske, tids-, og ressursmessige årsakar. Å foreta ei eiga kvalitativ eller kvantitativ undersøking ligg utanfor ramma til denne oppgåva. I ei litterær oppgåve må ein bruke litteratur som allereie fins, altså sekundærdata, for å belyse ei vald problemstilling. Den teorien eg har nytta er såleis skriven av nokon andre. Dei har valt ut kva dei vil skrive om og korleis dei vil presentere det for lesaren. Deira forforståing har dermed prega deira formidling og meg som lesar. Men også mi forforståing har prega mitt utval av litteratur og kva eg har funne i teksten. Gulbrandsen (2014) omtalar hermeneutikaren Gadamer som seier at når vi les ein tekst, så les vi den med ei rekke forforståingar som bestemmer kva mening vi legg inn i orda og korleis vi tolkar dei. Det er lesaren som dominerer teksten, og ikkje teksten som dominerer lesaren. Desto sterkare forforståing vi har av det vi les, desto meir kjem vi til å finne i teksten det vi ser etter og det vi trur skal vere der.

For å finne fram til litteratur og relevant forskning til denne oppgåva, har eg leita fleire stader. Eg starta med å gjere eit breitt databasesøk. Eg brukte ulike søkeord som *risikofaktor, omsorgssvikt, traume, fosterhjem, samvær, brudd, tilknytning, veiledning, hjerne*, og ulike kombinasjoner av desse. Vidare så har eg leita i referanselistene til dei artiklane eg har funne og i faglitteratur.

Eg fekk mange funn. For å velje ut dei som var mest relevant for oppgåva mi, las eg tittel og samandrag for å få eit overblikk over innhaldet. Eg var ute etter barnets erfaringar, og utelukka det som ikkje handla om anten barnets erfaringar eller relasjonen.

3.0 Presentasjon av forskingsartiklar

I dette kapitlet vil eg presentere dei forskingsartiklane eg har funne mest interessant. Det er desse eg kjem til å bruke mest plass på i diskusjonen min.

3.1 «Fosterbarn med tilknytningsvansker og tilknytningsforstyrrelser – hvilke veilednings- og behandlingsmetoder bør vi anbefale?»

Jacobsen (2009) tar i denne artikkelen føre seg tilknytningsteorien, med eit særleg fokus på fosterbarn. Ho skriv om barnets utvikling av indre arbeidsmodellar, og korleis desse kan endrast. Indre arbeidsmodellar er individets mentale førestillingar om seg sjølv, foreldre og verden der ute, og påverknaden desse har på kvarandre. For fosterbarn er det viktig at fosterforeldra representerer ein trygg base for utforsking. Det er beskrive at den første tida i fosterheimen er særleg viktig for utvikling av ei trygg tilknytning, og at den gir fosterforeldra eit godt høve til å påverke langtidsutfallet hjå barnet. Samstundes veit ein at dette ofte er den vanskelegaste tida. Barnets reaksjonar kan lett bli misforstått og fosterforeldra kan kjenne seg avvist. I denne fasen er det særleg viktig med god rettleiing. Fosterbarn kan ofte sende misvisande signal om korleis dei har det. Dersom dei har ein unnvikande tilknytningsåtfærd så kan dei lett verte misforstått og oppfatta som trygge. Fosterforeldra lar barnet vere i fred fordi det framstår som sjølvstendig, og slik får dei ei bekrefting på at det ikkje nyttar å søke trøyst. Det er vesentleg at fosterforeldra har forståing av at desse barna har andre behov enn deira egne trygt tilknytt barn, og at dei må møtast på ein annan måte for å få eit positiv utvikling.

Jacobsen (2009) tar også kort føre seg forskjellane mellom tilknytningsvanske og ein diagnostisert tilknytningsforstyrring. Barn som får denne diagnosen har aldri etablert normal tilknytning til ein nær omsorgsperson. Fosterbarn med denne diagnosen vil vere ei svært utfordrande omsorgsoppgåve for fosterforeldra.

3.2 «Tilknytningsteori i møte med praksisfeltet ved plassering av små barn i fosterhjem»

I artikkelen frå Smeplass (2009) vert dei minste barna si tilknytning i samband med plassering drøfta. Det er slik at ei trygg tilknytning i dei første leveåra vert rekna som ein sentral beskyttelsefaktor. Barn utsatt for omsorgssvikt i første leveår, er forventa å få ei utrygg tilknytning i sitt andre leveår dersom ikkje omsorgsbetingelsane vert endra. Omsorgsvilkåra til barnet har mykje å seie for utviklinga av ein tilknytingsstil, og denne tilknytninga påverkar utviklinga både emosjonelt, sosialt, kognitivt og motorisk. Det er også slik at hjerneforskninga underbyggjer ei utviklingspsykologisk forståing vi har kjent i fleire år. Dette er knytt til funn der ein kan sjå at deler av hjernestrukturen er påverka/endra hjå dei som er utsett for traumer eller omsorgssvikt. Dette kan ein sjå særleg i dei område som styrer evna til å regulere kjensler. Som hjelparar er vi ofte redde for å påføre sårbare barn brot i relasjonar. Forsking seier at barn tåler fleire separasjonar så lenge den siste vert bra. Det var tidleg ein teori om at det ikkje var sjølve separasjonen, men tilhøva rundt separasjonen som hadde størst betydning. Den mest uheldige enkeltfaktoren var konflikt.

Smeplass (2009) skriv også om matching i fosterheimsarbeidet, og viktigheita av det. I det legg ho at fosterfamilie og barn får høve til å finne kvarandre både praktisk og emosjonelt i eit kvardagsliv. I motsett fall kan resultatet bli ei ambivalent tilknytning.

3.3 «Traumebevisst omsorgs tre grunnpilarer»

Denne artikkelen av Bath (2008) omhandlar korleis ein kan gje god omsorg til traumatiserte barn. Ein skil mellom type 1 og type 2 traume. *Komplekse traume*, eller type 2-traume vert av Bessel van der Kolk (2005) i Bath (2008) beskrive som «opplevelsen av multiple, kroniske og langvarige, utviklingshemmende traumatiske hendelser, som oftast er av en mellommenneskelig type Og tidlig i livet» (Bath, 2008, 402). Det er annleis å vere utsett for denne type traume enn eit akutt traume som kjem av ein enkeltstående overveldande hending, t.d. dødsfall eller ulykke. Dette vert kalla type 1-traume. Konsekvensen av å bli utsatt for komplekse traume er stor. Det ser ut til at hjernens stressreaksjonssystem vert meir permanent endra fordi barnet må bruke merksemda si på å skape tryggleik i staden for å ha fokus på leik og utvikling som barn flest. Det er

gjennomgåande for dei som opplever dette at kjenslene vert overveldande og vanskelege å handtere. Ein utviklar eit anna stressnivå enn det normale, og kroppen er stadig i alarmberedskap og på vakt. Mange ulike utviklingsområde kan verte påverka, slik som tilknytningssystem, biologi, affektreguleringssystem, dissosiering, åtferdskontroll, tenking og sjølvbilete. Mange får diagnosa PTSD (Posttraumatisk stress syndrom).

Det er tre element som er viktige for å snu utviklinga i positiv retning. Det er tryggleik, relasjon og kjensleregulering. Ein treng ikkje å vere terapeut for å hjelpe barnet med dette, så det er viktig at fosterforeldra har denne kunnskapen og kan ha fokus på dette når dei skal hjelpe barnet vidare.

3.4 «Ettervirkninger av traumatiserende barndom og oppvekst»

Artikkelen fra Blindheim (2012) syner kva konsekvensar ulike skadelege handlingar og oppvekstvilkår kan ha for barn på ulike livsområde. Det er ein større risiko for å bli traumatisert når ein vert utsatt i barndom og oppvekst, når dei vonde opplevingane skjer i barnets omsorgssystem, og når dei er gjentekne og kroniske. Å vere utsatt for emosjonell trakassering ser ut til å få like alvorlige konsekvensar som fysisk mishandling og seksuelle overgrep. Artikkelen beskriv korleis hjerna vert påverka av ulike oppveksterfaringar. Traumatiske hendingar frå dei første par leveåra vil difor, på grunn av at barnet har begrensa integreringskapasitet, ha like stor betydning, kanskje større, enn seinere opplevingar. Barnet kan ikkje hugse kva det har opplevd, men det vil likevel reagere med angst når det vert utsatt for noko som minner om dei traumatiske erfaringane, og det vil kunne gå i ein høg beredskapstilstand. Samtidig ligg minna utilgjengelig for å ha språk på, slik at integrering vert vanskeleg. Ein konsekvens av kronisk traumatisering kan vere dissosiasjon.

Nokre barn får ein desorganisert tilknytning. Når personen som skal representere tryggleik for barnet i staden representerer fare, kan dette føre til ei konflikt utan løysing for barnet når det har behov for trøyst. Barnet kjem då i konflikt mellom behov for trøst og behov for å holde seg vekk frå det som representerer fare. Barnet kan i slike tilfelle vise en åtferd som verker desorganisert og kaotisk.

Sjølv om konsekvensane av traumatisering i barndomen er godt kjent og tydelige, og dette har store menneskelege, samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar, ser vi at store deler av hjelpeapparatet for psykisk helse har svært lite fokus på slike oppvekstvilkår. Forfatternen undrar seg over grunnen til dette og tenker at det fører til svært mye feil diagnostisering og feilbehandling og at svært mange ikkje får den hjelpa dei skulle ha hatt.

4.0 Presentasjon av grunnleggande teori

I dette kapitlet vil eg presentere teori frå aktuelle fagbøker som rører ved sentrale begrep i oppgåva. Desse begrepa er relasjon, tilknytingsstilar og fosterheim.

4.1 Tilknytingsforsking

Ut frå Kvello (2015) var det Mary Ainsworth som først kategoriserte tilknyttinga i tre kategoriar basert på det ho observerte av foreldre-barn-samspel. Seinare vart datamaterialet hennar reanalyisert av Main og Solomon (1986), og det vart då lagt til ein fjerde kategori, D. Kategori A og C er dei organiserte, B er trygg og D er uorganisert. Kvello (2015) har skrivne mykje bra om barn i risiko. Han seier mellom anna at tilsette i barnevern bør vere mindre opptatt av type tilknytting hjå barna, og meir opptatt av korleis omsorgspersonane klarer å fange opp barnas signal- og tilnæringsåtfærd, sortere signala som vert sendt, og om dei er i stand til å gjennomskode og dekke behova som skjuler seg bak villeiande signal. Vidare er han opptatt av at tilknyttinga er dynamisk og endrar seg dersom omsorgsbetingelsane endrar seg. Han hevdar at barneverntilsette må oppfordre fosterforeldre til å utfordre barnet sin indre arbeidsmodell ved å gjere seg sjølv svært tilgjengelig, men utan å invadere. Dette må til for at barnet skal bevege seg frå utrygg mot trygg tilknytting.

Under vil eg gjere greie for dei fire kategoriane av tilknytting. Det viktig å påpeike at tilknyttinga ikkje er enten-eller. Dei fleste har element i seg frå fleire kategoriar, men ligg likevel nærast den eine kategorien totalt sett. Teorien har eg i hovudsak henta frå Kvello (2015).

Kategori A – unnvikande tilknytning

Barnet unngår emosjonell nærleik til andre. Foreldra er engasjert i barnet men ikkje emosjonelt involvert. Barnet vert rosa for å vere handlekraftig, positiv og presterande. Barnet held negative kjensler for seg sjølv fordi slike kjensler vert oversett, avvist eller straffa av omsorgspersonane. Barnet strevar etter å leve opp til andre si forventning. Desse barna kan lett verte misforstått og oppfatta som trygge. Omsorgspersonane lar barnet vere i fred fordi det framstår som sjølvstendig, og slik får dei ei bekrefting på at det ikkje nyttar å søke trøyst hjå vaksne (Kvello, 2015).

Kategori B – trygg tilknytning

Barnet kjenner seg trygg på omsorgspersonane sine som er positive, føreseielege og støttar barnet ut frå barnets behov. Foreldra stiller krav, men gir også mykje støtte slik at dei får mange positive opplevingar saman, og relasjonen er prega av aksept, varme, engasjement og glede. Denne tilknytingsstilen inneber store sjansar for positiv utvikling og fråver av psykiske lidingar både som barn, ungdom og vaksen. Motgang vert handtert med fleksible strategival, og dei kjem seg ofte godt og raskt etter kriser. Barn med denne tilknytingsstilen vert ofte omtalt som resilient. Dette er den ønska og optimale tilknytingsstilen (Kvello, 2015).

Kategori C – ambivalent tilknytning

Barnet er prega av sterke kjensler som dei i liten grad klarer å regulere. Omsorga og responsen har vore så ujamn, frå å avvise og vere sliten til å vere overdriven intens, at barnet har lært seg å forsterke signal for å få respons og utløyse omsorg. Barnet har ei frykt for å verte avvist og oversett, og dette løyser dei ved å krevje mykje merksemd, vere sjølvsentriske, egoistiske og dominerande. Dei er svingande i uttrykket og kan vere vanskeleg å forstå. Mange med denne tilknytingsstilen svært opptatt av kva andre syns om dei, og dei er lett krenkbare. Dei har ofte eit engsteleg basert behov for nærleik, merksemd og intimitet, og dette behovet vert oppfatta av andre som overdrevent, innyndande og/eller klamrande (Kvello, 2015).

Kategori D – desorganisert tilknytning

Eit desorganisert barn manglar ein tydeleg tilknytingsstil. Foreldra er hovudsakleg emosjonelt utilgjengeleg, skremte eller skremmande (rusa, bråsig, valdeleg, uforutsigbar). I familiar der til dømes far er valdeleg mot mor, vil ikkje barnet knytte seg trygt til nokon av dei. Mor er skremt og kan ikkje beskytte korkje seg sjølv eller barnet, og far er farleg. Desse barna tenkjer ofte meir på andre sine kjensler enn sine egne, og dette fører gjerne til at dei vert framande for seg sjølv og lite emosjonelt nær andre. Ofte kan ein sjå at barnet kan enten verte parentifisert, og tar oppgåva med å stelle for og trøyste dei vaksne. Eller så kan det bli motsett, der barnet kjeftar, truer og angrip. Desse åtferdsuttrykka tenkjer ein har å gjere med at barnet vert overvelda av stress og kaos, klarer ikkje å mestre det og opplever eit meistringskollaps. Eller at barnet prøver å lette på spenninga og leie fokus vekk frå noko (Kvelling, 2015).

Når personen som skal representere tryggleik for barnet i staden representerer fare, kan dette føre til ei konflikt utan løysing for barnet når det har behov for trøyst. Barnet kjem då i konflikt mellom behov for trøst og behov for å holde seg vekk frå det som representerer fare. Barnet kan i slike tilfelle vise en åtferd som verker desorganisert og kaotisk. Det mest framtraddende ved denne tilknytingsstilen er forsøk på å unngå omsorgspersonen når dei er stressa, eller å sende motstridande signal. Det handlar også om å leve ut eit negativt sjølvbilete prega av å vere ond, for dårleg osv. Desse barna vil vere årvakne, skvetne og på vakt sidan dei ofte har erfart overgrep og krenkelsar (Kvelling, 2015).

4.1.1 Trygg Base modellen – en veileder for fosterforeldre.

Trygg base modellen er utvikla av Schofield og Beek (2014). Den er basert på sentrale teoriar og forskning om barns utvikling og familierelasjonar, og på forskning av fosterbarn og fosterheimsplasseringar.

Desse barna har ofte med seg erfaringar med omsorgssvikt og mishandling, adskillelse og tap. Dei treng difor eit kvardagsliv der dei kan motta særleg reflektert omsorg. Veiledaren tek sikte på å gi fosterforeldre ei god innføring i kva symptom og vanskar desse barna kan ha, og korleis dei best kan bli møtt. Disse barna har levd lenge i dårleg omsorg og det er krevjande for dei å endre si grunnleggjande oppfatning om seg sjølv og andre. Det kan

difor ofte ta lang tid før barnet vert trygt i sin nye heim og det vil trenge svært mange positive erfaringar der behova blir møtt før dei kan få håp om at fosterfamilien er der for dei. Dette er ei krevjande oppgåve for fosterforeldra som må romme dette barnet den lange tida før det er trygt. Dei må hjelpe barnet til å endre sine negative forventningar til seg sjølv og andre, noko som krev omsorgspersonar som kan fortsette å være tilgjengelige å respondere sensitivt sjølv om barnet gir uttrykk av å være avvisande og fiendtleg. Modellen har ei positiv styrkebasert tilnærming og fokuserer på korleis dei mange daglege interaksjonane mellom fosterforeldre og barn gir høve til positiv endring (Schofield og Beek, 2014).

Veiledaren bruker omgrepet «Mind-mindedness», som er evna til å være interessert i det barnet tenker og føler, sjå situasjonar frå barnets perspektiv og å kommunisere dette perspektivet til barnet. På denne måten veks barnet sin kapasitet til mentalisering, og til å forstå samanhengen mellom kjensler, tankar og åtferd. At eit barn har utvikla resiliens, kan ein forstå som at det har utvikla kapasitet til å reparere vonde erfaringar og møte nye erfaringar med håp, tillit og kompetanse. Det er viktig å vite at resiliens, på same måte som kjensla av tryggleik, kan bli fremja av kvalitetane ved omsorga barnet får (Schofield og Beek, 2014).

Fosterforeldra som skal gi disse barna ein trygg og god omsorg står overfor den utfordringa det er å møte strategiane desse barna har utvikla for å overleve med forståing, sensitivitet og tålmod. Barna vil ofte reagere med mistru og avvising på tilbod om omsorg. Sirkelen av negative samspel kan då bli gjenskapt i fosterfamilien og barna kan oppleve at dei på nytt blir avvist. Dersom fosterforeldra klarer å gi barnet trygg base-omsorg, så vil dei ivareta barnet på ein måte som syner at dei er til å stole på, at dei er til stades for barnet både fysisk og psykisk og at dei fangar opp og svarar konsistent på barnets behov. Dei må også vere i stand til å forstå dei mekanismane barnet har utvikla for å beskytte seg og kjenne seg trygg, og dei må nærme seg barnet på ein måte som barnet opplever som komfortabelt og akseptabelt heller enn undergravande og truande. Dersom dei lykkast med dette, kan relasjonen utvikle seg mellom dei, og frå denne basen kan barnet få støtte til å utforske, bruke sitt potensiale og utvikle seg. For å kunne lykkast, treng fosterforeldra støtte frå eige nettverk og fagpersonar (Schofield og Beek, 2014).

Veiledaren byggjer på fem sentrale omsorgsdimensjonar. Disse dimensjonane er


tilgjengelegheit, sensitivitet, aksept, samarbeid og familiemedlemskap. Dei fire første dimensjonane kan vi kjenner igjen frå tilknytingsforskinga. Den siste dimensjonen er spesiell for barn i fosterheim. Den refererer til barnets behov for å føle seg inkludert i sin nye familie (Schofield og Beek, 2014).

4.2 Trygghetssirkelen

Trygghetssirkelen er ein modell som er utvikla av Powell, Cooper, Hoffman og Marvin (2015). Forsking syner at tilknytning spelar ei vesentleg rolle i barns psykologiske utvikling og velferd, og særleg i høve vaksne si emosjonelle helse gjennom heile livet. Tilknytning hjelper til med å danne indre arbeidsmodellar, og når barna er trygge, så vil dei kunne ha det bra i relasjonar og utvikle dei same trygge banda til sine eigne barn.

Trygghetssirkelen er ein modell for å beskrive samspelet mellom barnet og omsorgsgjevar. Modellen er enkel samstundes som den fangar eit breitt spekter av samspelsvariantar, og den tar i utgangspunkt i barnets behov og kva signal barnet sender. Modellen søker å syne korleis dei fleste åtferdsmessige og emosjonelle problem hjå små barn kan førast tilbake til problem med tilknytning til deira primære omsorgsperson. Vidare korleis omsorgspersonane kan lærast opp til å hjelpe barna til å få ei sunn utvikling, gi barna kapasitet til å danne trygg tilknytning til eigne barn i framtida, og korleis barna gjennom tryggleik i eigne relasjonar, vert meir robuste til å utforske verda kring seg (Powell, Cooper, Hoffman og Marvin, 2015).

Illustrasjon av «Trygghetssirkelen»:



Ein tenkjer seg at barnet beveger seg i sirkelen, og skiftar mellom å vere oppe og nede mange gangar i løpet av ein leikesevens. Det er viktig at foreldre er merksame og møter dei i tråd med behova dei har. Noko av essensen i modellen er at omsorgspersonane alltid skal vere større, sterkare, klokare og god. Med dette som utgangspunkt tenkjer forfattarane at barnet vil få den mest optimale utviklinga (Powell, Cooper, Hoffman og Marvin, 2015).

4.3 Relasjonell teori

Røkenes og Hansen (2012) har fokus på relasjonen mellom fagperson og brukar. Det er snakk om korleis fagpersonen kan opptre overfor den andre for å fremje ein god relasjon. Her vert det mellom anna lagt vekt på kva forventingar dei ulike partane har til relasjonen, og om det er samsvar i måten dei forstår både relasjonen og situasjonen på. Fagpersonen må handle på ein måte som er meningsfull og hensiktsmessig i høve konteksten.

Det er viktig å legge til rette for å utvikle ei kjensle av partnerskap og tillit for å fremje ein god relasjon. Kvaliteten på relasjonen har betydning for om brukaren får ei positiv endring. Å bli møtt som subjekt og medmenneske har avgjerande betydning for brukaren si sjølvkjensle, sjølvrespekt og oppleving av menneskeverd. I ein god relasjon er der ein samhandlingsprosess som skaper tillit, tryggleik, og ei oppleving av truverdighet og tilknytning. Dette skaper ein berande relasjon, som igjen gir partane større handlingsrom overfor kvarandre. Positive relasjonar gir brukaren også større vilje til å ta imot råd og tiltak som den andre foreslår, og dermed høve til endring (Røkenes og Hansen, 2012). Alt dette er element som kan overførast til andre relasjonar. Dei verksame delane i denne tenkinga kan ein finne att i til dømes relasjonen mellom fosterbarn og fosterforeldre som denne oppgåva omhandlar. Det å bli møtt som eit subjekt (den du er med dei føresetnadane du har med deg) og ikkje som eit objekt (eit typisk fosterbarn), gir fosterforeldra større føresetnad for å møte barnet i tråd med dei behova det faktisk har og ikkje dei behova dei antek det har.

Løvlie Shibbye (2004) skriver om dialektisk relasjonsforståing. I denne tenkinga ser ein verkelegheita som heilheitleg og samanhengande. Mennesket og dets verden påverkar kvarandre og må dermed forståast i høve til kvarandre. Mennesket si utvikling er ikkje lineær, men sirkulær som i at den heile tida påverkar og vert påverka av det rundt.

Individet fungerer både som subjekt og objekt i ein gjensidig prosess. Ulike sider i relasjonen skapar kvarandre sine føresetnader og syner til kvarandre, seier noko om kvarandre og er deler av ei heilheit. Individet er både eit opplevande objekt, men kan også sjå seg sjølv som eit subjekt. Også den andre kan sjåast på som både subjekt og objekt. Mine haldningar og handlingar overfor deg, påverkar deg. Din reaksjon påverkar meg tilbake, som så påverkar deg igjen. Slik vert påverknader sirkulær. Alt heng saman. Eit paradoks i dialektikken er ønsket om å vere uavhengig og suveren i forholdet. For å vere det, er ein avhengig av den andre si anerkjening. Dermed treng ein den andre og kan ikkje vere uavhengig.

Løvlie Shibbye (2004) skriv vidare om det relasjonelle sjølvvet og korleis sjølvvet må forstås i ein samanheng. Kva samanheng kjem barnet frå og kva samanheng skal det til? Sjølvvet må forstås i to retningar, den indre (individets dialog med seg sjølv) og den ytre (dialog med andre) relasjonelle prosessen. Den indre relasjonelle prosessen kan vere slik at åtferda harmonerer med den indre dialogen. Til dømes dersom du kjenner på misnøye overfor den du snakkar med, så vil du uttrykke dette på ein eller annan måte. I kva grad den andre fangar dette opp eller ikkje, vil påverke den vidare relasjonen i ein sirkulær prosess (Løvlie Shibbye, 2004).

5.0 Diskusjon

I dette kapitlet vil eg diskutere kva påverknad barnets erfaringar før plassering i fosterheim har på relasjonen mellom fosterbarn og fosterheim. For å gjere det oversiktleg, vil eg dele det inn i to underkapittel. I det første underkapitlet vil eg drøfte barnets erfaringar og bidrag til samspel, og i det andre underkapitlet drøftar eg fosterforeldra sine erfaringar og bidrag til samspel. Dette vil eg belyse utifrå teorien som er presentert i kapittel 3 og 4.

5.1 Fosterbarnet sine erfaringar og bidrag i samspelet

For å skape struktur og oversikt, har eg valt å legge barnets erfaringar inn i kategoriar av tilknytning, som omtalt i kapittel 4.1. Sidan kategori B representerer trygg tilknytning, vil eg sjå vekk frå denne. Dette fordi eg tenkjer at det er få fosterbarn som har ei trygg tilknytning til sine biologiske foreldre. Dei aller fleste kjem inn under dei andre kategoriane, kategori A, C og D. Samstundes er det viktig å påpeike at tilknytninga ikkje er enten-eller. Dei fleste har element i seg frå fleire kategoriar, men ligg likevel nærast den eine kategorien totalt sett. For å hjelpe lesaren til å forstå, har eg brukt historia om «Jonas» for å illustrere opplevinga og erfaringane barn kan sitte med.

5.1.1 Kategori A – Unnvikande tilknytning

Barn som har ein unnvikande tilknytingsstil, held gjerne negative kjensler for seg sjølv fordi det har erfaring med at slike kjensler vert oversett, avvist eller straffa av omsorgspersonane. Dette kan føre til at barnet vil prøve å dempe negative kjensler. Det strevar etter å leve opp til andre si forventning, og framstår som om dei har det mykje betre enn dei i realiteten har. Det er lett å misforstå desse barna (Kvello, 2015).

«Heime hos Jonas var mamma alltid opptatt av at dei såg skikkelege ut, at dei hugsa å takke når dei fekk noko, at dei ikkje rota, og at museflettene til lillesyster var ryddige og beine. Ho var redd for at dei skulle lage styr på butikken eller dersom dei var på arrangement i bygda. Ho hadde lister for korleis alt skulle vere, og ho vart lett skipla dersom noko ikkje gjekk etter planen. Så lenge Jonas hadde kjekke og gode ting å fortelje mamma om så var ho ofte lydhør og glad. Men mamma var sjeldan interessert dersom han var lei seg, hadde krangla med nokon eller lurte på kvifor bestemor aldri kom på besøk. Då var ho opptatt og hadde ikkje tid. Om han gråt, fekk han beskjed om å slutte å «sippe», det var det berre pyser og småungar som gjorde. Jonas lærte seg at for å få tid med mamma, så kunne han ikkje snakke med ho om alt. Det vanskelege måtte han halde for seg sjølv, og han måtte lære seg måtar å trøste seg sjølv på. På den måten var mamma mest tilgjengeleg for han.»

Det å ikkje ha høve til å få sine tankar og kjensler forstått og bekrefta, kan forstyrre barna si realitetsoppfatning i så stor grad at det vert umogleg for dei å få tak i «sanninga» i

kjenslene sine i ein situasjon. Kanskje har Jonas undertrykt dei vonde kjenslene sine så lenge at han ikkje heilt veit kva han kjenner. Barn som ikkje har trygge vaksne som gir dei eit støttande stillas for å forstå og handtere kjensler, må utvikle eigne måtar å hanskast med dette på. Dette er som regel strategiar som er problematiske i ein fosterfamilie kor kjenslene må bli kommunisert ganske opent, på ein regulert måte, for å bygge tillitsfulle relasjonar. I Jonas sitt tilfelle så var strategien hans å dekke over det vonde og framstå som sjølvstendig, flink og glad (Schofield og Beek, 2014).

Jacobsen (2009) skriv i sin artikkel at barn med ein unnvikande tilknytingsåtfærd kan lett bli misforstått og oppfatta som trygge. Fosterforeldra lar barnet vere i fred fordi det framstår som sjølvstendig, og slik får barnet ei bekrefting på at det ikkje nyttar å søke trøyst. Ho skriv vidare at det er vesentleg at fosterforeldra har forståing av at desse barna har andre behov enn deira eigne trygt tilknytt barn, og at dei må møtast på ein annan måte for å få eit positiv utvikling.

Vi kan sette Jonas si erfaring som barn i ein dysfunksjonell familie, og no som fosterbarn, inn i ein samanheng. Det kan vere ulike utviklingshøve for Jonas alt etter korleis han vert møtt og forstått. Han har hatt ei oppleving av og erfaring med at han har hatt det best ved å framstå som uavhengig og sjølvstendig. På den eine sida kan det vere slik at dersom han vert møtt som den han ønskjer å framstå som, så får han ikkje dekkja sine grunnleggande behov. Der han signaliserer avvising og sjølvstende er kanskje der det har aller mest behov for omsorg. På den andre sida er dette kjent for han, og det kjente kan representere ein form for forutsigbarheit og tryggleik. Men det vil ikkje hjelpe han i den vidare utviklinga, eller fremje ein god relasjon mellom fosterbarn og fosterforeldra.

Det kan også tenkjast at fosterforeldra klarer å forstå at Jonas sender villeiande signal og at han ikkje viser fram dei eigentlege behova sine. Men dersom dei ikkje klarer å internalisere denne forståinga godt nok, kan det tenkjast at dei møter han på ulik måte frå gong til gong. Det kan vere slik at dei nokre gangar møter han godt, men andre gangar så klarer dei det ikkje. For Jonas vert dette tvetydigt og uforutsigbart, og kan føre til usikkerheit. Han vil kunne få problem med å vite kva han kan forvente, og med å stole på at dei nye vaksne i livet sitt er der for han fullt ut. Det vil ikkje vere trygt for han å senke "guarden" og gi andre kontroll, og han vil framleis vere på vakt sjølv. Ut frå ei slik

forståing kan det tenkjast at han truleg vil halde fast i dei innarbeidde indre arbeidsmodellane sine, noko som kan hemme ei god utvikling.

Ein annan måte å sjå dette på er dersom fosterforeldra klarer å sjå bak åtferda og oppfattar at dette er villeiande signal. Dei kan då ha eit anna utgangspunkt for å kunne møte han annleis. Dersom dei møter han konsekvent på ein god måte, så vil dette bygge opp ein trygg og god relasjon mellom dei. Kanskje ville dei forsøke å skape trygge rammer, vise at dei har kontroll, ta frå han noko av det ansvaret han har og la han vere barn. Dei vil kanskje også formidle til han at det er bra å ha kjensler og at dei vil vere der for han uansett. Slik vil han gradvis kunne endre oppfatninga si, og erfare at det er trygt å vise fram dei sårbare sidene sine og be om den omsorga han treng. Dette vil kunne styrke sjølvkjensla hans, og tankane hans om seg sjølv som verd å vere glad i.

Men er det verkeleg slik at måten barnet vert møtt på har så mykje å seie for vidare utvikling? Dersom vi ser i lovteksten til barnevernlova § 4-12 som vart gjengitt i kapittel 1.3.1. så er lovens krav at den omsorga barnet har mottatt har vore alvorleg, mangelfull og skadeleg for utviklinga (Barnevernloven 1993). Smeplass (2009) hevdar at barn som vert utsatt for omsorgssvikt i første leveår, er forventa å få ei utrygg tilknytning i sitt andre leveår dersom ikkje omsorgsbetingelsane vert endra. Det er dermed slik at omsorgsvilkåra til barnet har mykje å seie for utviklinga av tilknytingsstil, og denne tilknytninga påverkar utviklinga både emosjonelt, sosialt, kognitivt og motorisk. Kvello (2015) skriv at en generelt kan seie at grov omsorgssvikt fører til svakare kompetanse på fleire områder. Desse barna har ofte ei svak evne til regulering, dei kan ha betydelege kognitive vanskar grunna understimulering og dei kan ha både eksternaliserande og internaliserande vanskar. I tillegg er dei meir utsett for sjukdom og uhelse som overvekt, hyppige infeksjonar, psykoser, død i ung alder, rusmiddelmissbruk og generell fysisk uhelse (Kvello 2015). Barna som vert flytta ut av denne dårlege omsorgssituasjonen og inn i ein ny familie får eitt nytt utgangspunkt. Men den positive utviklinga gjer seg ikkje sjølv, den avheng også av samspelet mellom barnet og omsorgspersonane.

Jonas er eit barn som framstår som sjølvstendig, og det kan vere vanskeleg å tenkje at han treng så mykje støtte for å få ei trygg tilknytning til dei nye omsorgspersonane sine. Røkenes og Hansen (2012) seier at dersom ein klarer å legge til rette for å utvikle ei kjensle av partnerskap og tillit, så kan det fremje ein god relasjon. Positive relasjonar gir

større vilje til å ta imot råd, og dermed høve til endring. Det er dermed vesentleg for utviklinga at fosterforeldra klarer å tolke signala og byggje tillit hjå Jonas.

5.1.2 Kategori C - Ambivalent tilknytning

Barn som kjem inn under denne kategorien har ei unnvikande tilknytning. Ein kan undre seg over kva dei kan ha opplevd for å utvikle denne tilknytningsstrategien. For å sette lesaren litt på sporet av korleis bakgrunnen til ein slikt barn kan arte seg, kan vi lese om «Jonas»:

«Jonas sin mamma og pappa hadde nok med seg sjølv og ikkje kapasitet til å ta seg av og prioritere eit lite barn. Pappa var glad i rus, og rusa seg jamt. Då vart han oppfinnsam, høglydt, lite sensitiv og nokre gangar veldig sint. Det gikk ofte utover Joans sin mamma. Mamma greidde ikkje å verne Jonas mot dette. Ho søkte ikkje hjelp og ho vart verande sjølv om pappa var sint, valdeleg og rusa. Ho var glad i pappa og ville ikkje miste han, sjølv om det betydde at Jonas ikkje hadde det bra. Mamma var ikkje sensitiv overfor Jonas. Ho var ikkje så flink til å sjå kva type stimuli han hadde behov for. Nokre gangar vart ho veldig intens og andre gangar var ho bere opptatt med andre ting og oversåg han.»

Korleis kan Jonas si erfaring påverke relasjonen han skaper til fosterforeldra sine? Det kan vere at Jonas vert redd av noko, noko dei opplever som ein bagatell og som ikkje er noko å vere redd for. Kanskje var det slik at når Jonas skulle sove vart det ofte bråk og krangel mellom foreldra. Dersom vi tenkjer oss at det er slik, har dette gjort at Jonas er redd når han skal sove, og særleg dersom han høyrer at fosterforeldra hans diskuterer noko med litt høge stemmer. Eit tenkt tilfelle vil kunne vere at dette fører til at Jonas vil ha noko hjå seg for å klare å roe seg om kvelden. Måten han vert møtt på av fosterforeldra påverkar relasjonen mellom dei. Deira reaksjon på hans reaksjon, vil føre til ein ny reaksjon hjå han og så vidare (Løvlie-Shibbye, 2004).

La oss tenkje oss to ulike utfall av dette. Det eine utfallet kan vere slik at Jonas ber fosterforeldra om å vere hos han til han sovnar. Dei klarer å sjå barnets underliggande behov, og dei reflekterer rundt kva han kan tenkast å forvente seg frå vaksne og korleis dei kan vise han at dei ikkje vil svikte han, sett i lys av dei tidlegare erfaringane han har med seg. Dette er med på å bygge opp tilliten hans til dei, og sakte men sikkert vil dei sjå små endringar. Etter kvart som angsten vert redusert og tilliten aukar, klarer Jonas kanskje å roe

seg aleine på rommet og aksepterer at fosterforeldra ikkje er der heile tida. Jonas vil då kunne utvikle større kapasitet til å stole på at fosterforeldra gir han trøyst og omsorg når han treng det, og dermed vil han ikkje ha behov for å ha dei så nær heile tida (Schofield og Beek, 2014).

Eit anna utfall i denne situasjonen kan vere at fosterforeldra berre ser på åtferda og ikkje tek omsyn til kva som ligg bak den. Då kan dei oppleve Jonas sitt krav om å ha dei hos seg som urimeleg og møte det med eit forsøk på «regulere det bort». Kanskje vil dei prøve seg på ulike strategiar og sanksjonar, og likevel oppleve at åtferda ikkje endrar seg. Dette kan føre til at Jonas vil gjenkalle dei vonde kjenslene frå kveldane heime i sin biologiske familie der han vart redd og ikkje fekk sove. Dette ligg så djupt i han at det er med på å skape distanse til fosterforeldra, og han kan utvikle uhensiktsmessige strategiar som ein konstant søken etter merksemd eller ein maktkamp om kontrollen. Dette var tidlegare strategiar for å overleve som han ber med seg vidare, og som no vert problematiske, stressande og smertefulle for dei nye fosterforeldra.

Som ein kan sjå, vil ulike måtar å forstå og handle i ein situasjon ha stor påverknad på korleis relasjonen mellom barnet og dei vaksne vert, og dernest korleis barnet utviklar seg. Ulike innfallsvinklar og måtar å handterer eit problem på har stor innverknad både i den aktuelle situasjonen, men også på meir langsiktig basis.

Dersom vi skal sjå dette i lys av Løvlie Shibbye (2004) sin tanke om den indre relasjonelle prosessen, kan måten Jonas vert møtt på påvirke utviklinga av det indre sjølvet hans. Dersom han blir møtt positivt, med støtte og forståing, kan den indre dialogen hans fortelje han at han må vere ein kjekk gut sidan fosterforeldra vil sitje der saman med han kveld etter kveld. Dette vil påvirke utviklinga av både sjølvet hans og relasjonen mellom han og fosterforeldra i positiv lei, sidan han då vil uttrykke positive kjensler bevisst eller ubevisst. Dersom Jonas vert møtt med saksjonar og regulering, kan ein tenkje seg at hans indre dialog vil vere at han ikkje er verdt noko, at han er altfor teit og slem til at nokon skal orke å vere saman med han om kvelden når han er redd og utrygg. Det kan også vere at fosterforeldra tenkjer at han gjer dette for å straffe eller plage dei og at dei syns det er irriterande. Dei vil då signalisere dette bevisst eller ubevisst til Jonas, som igjen får bekrefte sin indre dialog. Desse ulike utfalla vil igjen påvirke den vidare relasjonen

mellom Jonas og fosterforeldra i ein sirkulær prosess alt etter kva grad den andre fangar dette opp.

Det kan bli ein positiv sirkulær prosess dersom fosterforeldra klarer å vere sensitiv og støttande. Dette er igjen positivt for den vidare relasjonen, og ein mogleg suksessfaktor for ei vellykka fosterheimsplassering. I motsett fall, dersom dei ikkje klarer å sjå bak åtferda hans, kan det vere med på å øydelegge relasjonen mellom dei.

5.1.3 Kategori D – desorganisert tilknytning

Det som kjenneteiknar barn med denne tilknytingsstilen er at når personen som skal representere tryggleik for barnet i staden representerer fare, kan dette føre til ei konflikt utan løysing for barnet når det har behov for trøyst. Barnet kjem då i konflikt mellom behov for trøst og behov for å holde seg vekk frå det som representerer fare. Barnet kan i slike tilfelle vise en åtferd som verker desorganisert og kaotisk (Kvelling, 2015). La oss gå tilbake til «Jonas».

«Nokre gangar når Jonas skal sove, høyrer han at pappa er sint og mamma roper og gret. Han har sett at mamma har vore blodig etterpå. Han er redd for at mamma skal døy og for at noko skal skje med han sjølv. Kvar kveld når han legg seg pressar tårene på. Han kjenner ein ekkel vond klump i magen og hjertet bankar hardt. Han lyttar for å høyre etter lydar som kan gi signal på at noko er på gang. Han prøver å dra dyna over hovudet, men han er for redd til ikkje å ha kontroll. Han får ofte ikkje sove før han høyrer at mamma og pappa går å legg seg, og går til ro».

Når Jonas har opplevd å ha det slik som dette, korleis kan dette påverke han når han kjem inn i ein annan familie? Han har med seg ei forforståing som gjer at han reagerer på ein annan måte enn det som er «normalt». Blindheim (2012) seier at det er ein større risiko for å bli traumatisert når ein vert utsatt i barndom og oppvekst, og når dei vonde opplevingane skjer i barnets omsorgssystem, og når dei er gjentekne og kroniske. Det å vere vitne til vald mellom foreldra er eit stort traume for barn, eit komplekst traume. Bath (2008) skriv at forskning syner at hjernens stressreaksjonssystem vert meir permanent endra fordi barnet må bruke merksemda si på å skape tryggleik i staden for å ha fokus på leik og utvikling som barn flest. Det er lett å tenkje seg at dette kan ha påverka tilknytingsstilen deira. Deira

evne til å stole på at vaksne vil dei godt kan bli svekka som følgje av erfaringane deira, som seier det motsette. Dei har lært seg at dei ikkje har nokon stad å få trøyst og at det ikkje er nokon der som kan beskytte dei. Dei er vand med å måtte klare seg sjølv, og dei utviklar strategiar for å løyse dette.

Jonas tek desse erfaringane med seg inn i fosterfamilien sin. Dei vil merke det når han skal legge seg, som drøfta i kapittel 5.1.2. Men det er nærliggande å tru at dei vil merke det i mange andre situasjonar også. Kanskje reagerer Jonas med eit voldsamt raseri dersom han blir vennskapeleg erta og tøyssa med. Fosterforeldra står kanskje spørjande att og forstår lite av kva som har skjedd. Dei vonde kjenslene kan då ha festa seg så djupt i hjerna til Jonas at han vil gjenkalle dei i møte med fosterforeldra sine, uansett kor mykje han veit at dei er til å stole på. Minna Jonas har frå dei trauma han er utsett for, er lagra i hjerna hans slik at dei vert aktivert ufrivillig av «triggarar» som kan minne om traumet. Det å bli erta og tøyssa med kan vere ein slik «triggar» (Bath, 2008).

Det kan også tenkast at det ikkje synes på Jonas at han er redd, at han held kjenslene inni seg og undertrykker dei slik at dei ikkje kjem på overflata. Kanskje har vondt utan at nokon får høve til å hjelpe han. Dersom det er slik, er det vanskeleg for fosterforeldra å vere sensitiv før dei er bevisst på at det kan vere slik. Dei kan komme til å tenkje at alt er i orden med han, og ikkje vere sensitiv nok til å ta i vare dei behova han har. Dei kan komme til å opptre inkonsekvent, vere impulsive og skape uforutsigbarheit for Jonas. Dette kan minne han om hans tidlegare erfaringar og gjere han utrygg, og såleis vere med på å forlenge tida det tar før han beveger seg mot ein trygg relasjon.

Vi kan også forstå dette i lys av «trygghetssirkelen» til Powell, Bert, Cooper, Hoffman og Marvin (2015). Vi kan vi tenkje oss at Jonas sender villeiande signal ved at han framstår som om han er oppe på sirkelen og er klar for utforsking, læring og mestring, medan han eigentleg er nede på sirkelen og treng trøst og beskyttelse. Dette gjer han truleg fordi han har vore vand med å fornekte behova sine for trøst og omsorg i frykt for å bli avvist. Dersom fosterforeldra ikkje klarer å sjå bak denne åtferda og sjå dei eigentlege behova han har, står Jonas i fare for ikkje å få dekkja dei behova han har for trøst og beskyttelse. Ein konsekvens av dette kan vere at han kanskje ikkje klarere å bevege seg frå ein utrygg til ei trygg tilknytning, eller at han bruker lengre tid på denne prosessen.

Det kan tenkjast at sidan det var far til Jonas som var den skremmande, så kan Jonas komme til å tillegge dei vonde eigenskapane far hadde til fosterfar. På den måten overfører han alt det negative til fosterfar, og far «beheld» dei positive eigenskapane han har hatt. Jonas kan komme til å idyllisere tilveret hos foreldra sine, samstundes som han tar ut mykje frustrasjon på fosterforeldra. Sidan kroppen er stadig i alarmberedskap og på vakt, skal det lite til før han roper og skriker, sparkar og slår, og kastar ting rundt seg. Han opplever då at kjenslene vert overveldande og vanskelege å handtere. Kanskje er det heilt annleis overfor fostermor. Dersom han har knytt det vonde til fosterfar, vil det vere lettare for han å vere saman med fostermor. Kanskje er han rolegare saman med ho, og ikkje like mykje på vakt. Måten fosterforeldra taklar dette på vil ha mykje å seie for den vidare utviklinga til Jonas, og for om det vert ei vellykka langvarig plassering.

Kva må til for at barnet skal tenkje at dei vaksne er til å stole på? Ein kan tenkje at fosterbarna har problem med å knytte seg. For fosterforeldra er det utfordrande å legge til rette for ei kjensle av partnerskap og tillit, når barnet ikkje er vand med å stole på vaksne (Røkenes og Hansen, 2012). Men kan det vere mogleg for eit barn med Jonas sine erfaringar å knytte seg til nye vaksne? Barnets alder, om dei har hatt andre viktige personar som har sett dei og dekkja nokon av behova deira, om dei har klart å oppretthalde struktur i livet og ein viss forutsigbarheit frå dag til dag har mykje å seie for korleis barnet skal klare seg. Desse faktorane er knytt til begrepet «resiliens». Kvello (2015) skriv at resiliens handlar om individets reaksjon på, og korleis mentalt og praktisk stress eller vanskelege livsforhold vert handtert. Begrepet er difor ikkje synonymt med ei optimistisk innstilling aleine, for det er basert på aktiv mestring. Resiliens kan vere ein sterk beskyttelsesfaktor for barn som lev i risiko. Kvello (2015) skriv vidare at utviklinga av resiliens kjem av eit samspel mellom genetisk betinga tilhøve og miljøskapte tilhøve.

Dersom Jonas hadde besteforeldre som tok stort ansvar og kunne fungere som «tilfluktsstad» så kunne det hatt mykje å seie. Kanskje var dei tett nok på til å sjå korleis han hadde det, og til å hjelpe han å halde struktur i kvardagen ved til dømes å ha han hos seg i helgane innimellom, eller vere trygge vaksne som han kunne snakke med om det vonde heime. Det kan vere at Jonas var positivt godt knytta til dei og dermed hadde med seg ei god tilknytningserfaring når han kom til fosterheimen. Dersom det var slik, kunne det vere lettare for han å knytte seg til nye vaksne dersom tilhøva elles låg til rette for det.

For fosterforeldre er det særleg viktig å ha kjennskap til kva type erfaringar barnet har, jamfør barnevernlova § 4-12, og møte det som eit subjekt. I det ligg å møte barnet som den det er med dei erfaringane det har, og ikkje som til dømes eit barn på ein gitt alder. Når Jonas gjer likeeins i fosterheimen som han gjer hos sine biologiske foreldre, får han ein annan reaksjon. Jonas må øve seg på å forstå desse reaksjonane i den nye konteksten. Dette vil vere med på å tydeliggjere barnet som subjekt for fosterforeldra. For å setje det på spissen, så ville Jonas reagere på same måte som alle andre fosterbarn på hans alder dersom han var eit objekt. Å bli møtt som eit subjekt, gjer at fosterforeldra betre kan romme det unike ved Jonas og hans måte å vere og reagere på (Røkenes og Hansen, 2012).

5.2 Fosterforeldra sine erfaringar og bidrag i samspelet

Dei som tek på seg oppgåva som fosterforeldre, har som regel tatt eit godt gjennomtenkt og bevisst val om dette. Gjennom obligatorisk opplæring frå det statlege barnevernet (PRIDE-opplæring), har dei blitt budd på ulike problemstillingar dei kan møte, og dei har blitt utfordra på korleis dei vil takle dette. Som regel er ønsket om å bli fosterforeldre tufta på ein motivasjon. Det kan vere at dei ønskjer å gjere noko godt for samfunnet, kanskje dei ikkje kan få egne barn, det kan vere at dei har egne erfaringar som dei tenkjer dei kan komme andre barn til gode, eller det kan vere at dei ønskjer å vere fosterforeldre for eit barn dei kjenner eller har eit forhold til frå før. Forventningane dei har med seg inn i dette, har mykje å seie for korleis opplevinga deira blir. På bakgrunn av tidlegare erfaringar, opplæring, forventningar og kunnskap, har dei danna seg ei forforståing av korleis det er å vere fosterforeldre. Det er ikkje alltid at dette stemmer med verkelegheita, og dei kan bli utfordra på andre måtar enn dei hadde sett for seg og var budd på. Det kan til dømes vere at barnet hadde andre og større vanskar enn dei var klar over, at det var vanskeleg å samarbeide med biologisk familie, at familien vart utsett for store påkjenningar rundt nye handsamingar i rettsapparatet eller kanskje vart det vanskeleg å samarbeide med barneverntenesta. Dette er faktorar som er vanskeleg å kontrollere, men som har stor innverknad på i kva grad fosterforeldra opplever mestring.

Det kan tenkast at mange fosterforeldre møter barn som har ei kjensle av å være verdiløus. Denne lave sjølvkjensla er ofte ein konsekvens av den sviktande omsorga dei har motteke. Det kan også henge saman med at dei har opplevd mange brot i nære relasjonar. Barn som ikkje har ein indre arbeidsmodell av nære vaksne som varme og akseptierende, og av seg

sjølv om verd å elske, har vanskar med å møte verda med tillit. Dei kan bli fanga i ein negativ sirkel der dei forventar å mislykkas eller å bli avvist, og oppfører seg difor på måtar som gjer det sannsynleg at det skjer, til dømes engsteleg eller aggressivt. Dette har vi sett i utdraga om Jonas over. Han ber med seg ein indre arbeidsmodell som fortel han at han ikkje kan stole på vaksne, at han må passe på seg sjølv, at han alltid må vere på vakt og at han er temmeleg verdiløus (Schofield og Beek, 2014). Jonas sin indre dialog kan sjåast på som den forhandlinga han står i med seg sjølv når han får ein annan reaksjon enn forventa. Kanskje vil han komme til å oppføre aggressivt fleire gangar for å teste ut om han får same reaksjonen ein gang til, og enda ein gang osb. Når han stadig opplev å få den same reaksjonen frå fosterforeldra, så vert dialogen skrive på ny, og starten på ein ny indre arbeidsmodell vert utvikla.

Dersom fosterforeldra hadde visst noko om Jonas på førehand, korleis kunne dei ha førebudd seg til å ta imot han på ein best mogleg måte? Vi skal sjå på om det er noko dei kunne ha gjort for å gjere overgangen lettare for han.

Dersom fosterforeldra hadde visst noko om Jonas på førehand, før han flytta til dei, så kunne dei til dømes ha gjort ein innsats allereie i tilvenningsfasen for å inkludere foreldra. Ved å ha ei positiv haldning overfor dei, så vil det gi positive signal til barnet. Når foreldra får bli med i prosessen, så er sjansen større for at dei vil akseptere plasseringa og dei som fosterforeldre for barnet sitt. Dersom Jonas visste at foreldra var fortruleg med dette, så kunne det ha hjulpet han til å slå seg til ro, tenkje at han kunne trives og knytte seg til den nye familien sin. Ofte kan ein sjå at foreldra sin aksept er naudsynt for at barnet skal klare å knytte seg, fordi det då kan kjenne seg fristilt i høve lojaliteten til foreldra sine. Dei slepp å tenkje at her kan eg ikkje trives og ha det fint, og eg kan i alle fall ikkje fortelje mamma og pappa om det fordi då vert dei lei seg.

Men korleis kunne dette vere dersom dei ikkje visste noko om Jonas eller dersom dei ikkje førebudde seg? Dersom dei ikkje var budde på at Jonas skulle komme og dei ikkje visste noko om han, så hadde både dei og Jonas hatt eit dårlegare utgangspunkt. Dei hadde ikkje hatt ein prosess med tilvenning der dei hadde fått sjansen til å bli kjent med dei personane som var viktige for Jonas, som foreldra og til dømes søsken og besteforeldre. Dei kunne då ikkje vite kva haldningar til barnevernssystemet dei hadde formidla til barnet sitt, og kva forventningar Jonas hadde til dei som fosterforeldre. Det kan tenkast at oppstarten ville ha

vore vanskeleg for alle saman, og vi veit at den første tida er viktig for at plasseringa skal lukkast. I sin artikkel skriv Jacobsen (2009) at den første tida i fosterheimen er særleg viktig for utvikling av ei trygg tilknytning, og at den gir fosterforeldra eit godt høve til å påverke langtidsutfallet hjå barnet. Samstundes veit ein at dette ofte er den vanskelegaste tida. Barnets reaksjonar kan lett bli misforstått og fosterforeldra kan kjenne seg avvist.

Dei aller fleste barn har med seg både positive og negative minner frå foreldra sine. For dei er det viktig at dette vert anerkjent, og at det ikkje vert fokusert på det negative. For alle er det å flytte ei påkjenning, og det er mange sterke kjensler knytt til tapet av sterke band til familien. Fosterforeldra må å gje både verbale og non-verbale budskap om at barnet kan ha relasjonar i begge familiane sine, og hjelpe barnet til å etablere ein samanhengande kjensle av identitet (Schofield og Beek, 2014).

Dersom vi skal sjå dette i eit relasjonelt perspektiv, så vil fosterforeldra sin indre dialog sende signal som barnet kan fange opp. Dersom den indre dialogen deira er at dei biologiske foreldra er idiotar som har øydelagt dette barnet og som aldri burde fått treffe det meir, vil desse signala verte send ut anten bevisst eller ubevisst. Mange fosterbarn er på vakt og veldig oppmerksame på kroppsspråk og non-verbale signal. Sannsynet er då stort for at barnet fangar dette opp. Barnet kan då bli såra og føle det som ein angrep på seg sjølv, og ta til seg kritikken mot eigen person. Dette vil så kunne gi ei negativ sirkulær utvikling av relasjonen mellom dei. I motsett fall, der biologisk familie tydeleg vert akseptert, vil barnet kunne fange opp dei ekteføyte positive kjenslene av aksept, respekt og anerkjenning som fosterforeldra kan ha overfor foreldra. Barnet vil då kunne knytte desse til seg sjølv, noko som igjen vil gje positiv sirkulær relasjonsutvikling. Dersom barnet får tydelege signal om at det kan ha relasjonar i begge familiane og får hjelp til å etablere ein samanhengande identitet, vil det vere lettare for barnet å slå seg til ro og knytte seg i den nye heimen (Løvlie Shibbye, 2004).

Eit av måla med å endre omsorgsbetingelsane er å jobbe mot ei tryggare tilknytning. Kvello (2015) er opptatt av at tilknytninga er dynamisk og endrar seg dersom omsorgsbetingelsane endrar seg. Han meiner at fosterforeldra kan hjelpe barnet med å bevege seg frå ei utrygg til ei trygg tilknytning. Dette kan dei gjere ved å utfordre barnet sin indre arbeidsmodell ved å gjere seg sjølv svært tilgjengelig, men utan å invadere.

Det vil vere utfordrande fordi dei må gjere andre ting enn vanleg. I denne prosessen vil fosterforeldra ofte ha behov for støtte og rettleiing for å klare å tenke gjennom kva dette barnet kan tenkast å forvente seg frå vaksne og korleis vi kan vise at vi ikkje vil svikte det, sett i lys av barnets tidlegare erfaringar. Dette er med på å bygge opp tilliten, og sakte men sikkert vil ein kunne sjå små endringar. Fosterforeldra må halde fast ved at dette barnet treng å bli verdsatt og akseptert, uansett kor krevjande det er. (Schofield og Beek, 2014).

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg prøvd å finne ut korleis barnets erfaringar påverkar relasjonen mellom fosterbarn og fosterheim. Eg starta med å forklare bakgrunn for val av tema og problemstilling. Eg har nytta ulik teori for å belyse problemstillinga ut frå ulike synsvinklar. Hovudsakleg har eg brukt relasjonell teori og tilknytningsteori, og denne presenterte eg i teoridelen. I diskusjonsdelen såg eg på korleis erfaringane dei ulike partane har med seg inn i relasjonen er med å påverke dei vidare. Eg såg mellom anna at det barnet har med seg og måten barnet vert møtt på har ei stor gjensidig påverknad. Barnet tar med seg erfaringane sine og sitt repertoar av mestringsstrategiar og det legg føringar for korleis det vil opptre i den nye familien. Barnet si utvikling vidare, og korleis fosterfamilien vil ha det vidare, avhenger i stor grad av kva kunnskap fosterforeldra har om barnet, og kva slags ibuande eigenskaper dei har til å mentalisere (enkelt sagt å kunne sjå seg sjølv utanfrå og den andre innanfrå), og forstå barnet sine reaksjonar. Dersom dei mestrar dette er sjansen stor for at barnet vil få ei betre fungering og plasseringa kan vare over tid. Dersom dei ikkje mestrar dette, er det lett for å gå seg fast i eit dårleg mønster. Fosterforeldra kan kjenne på kjensla av å mislykkast. Kanskje vart ikkje fosterforeldre-gjeringa heilt slik dei hadde trudd. Dei kan tenkje at dei ikkje klarer å hjelpe barnet i tilstrekkeleg grad, og verte frustrert over at dei ikkje når inn. Det kan påverke heile familien å ha ansvaret for eit barn dei opplever som dysfunksjonelt og som dei ikkje får til å hjelpe. Det kan då vere fare for at det kan ende med utilsikta brot. Dette er svært uheldig for barnet, som på nytt vert riven opp.

I arbeidet med denne oppgåva, har det kome fram nokre moment som eg ser på som særleg viktige for at fosteheimsplasseringane skal lukkast.

Det eine er viktigheita av god opplæring i forkant. Det er heilt naudsynt at alle fosterforeldre deltek i den opplæringa som allereie finnast. Den bør sikre at dei kommande

fosterforeldra har god kunnskap om kva som kjenneteiknar desse barna og kva type omsorg dei har behov for. Dei treng noko anna en deira egne trygt tilknytt barn, og dei må også vere klar over kor mykje dette barnet kan prege livet deira framover, på godt og vondt.

Dernest ser eg det som viktig at matchinga mellom fosterbarn og fosterfamilie blir lagt stor vekt på. Av eigen praksis så veit eg at dette er idealet som ikkje alltid lar seg gjennomføre. Mykje av grunnen til dette tenkjer eg kjem av mangelen på fosterheimar. Problemet let seg dermed vanskeleg løyse utan at det vert gjort ein innsats i høve rekruttering av nye familiar. For at fleire skal ha lyst og høve til å ta på seg denne oppgåva bør det også sjåast på betingingane, slik som sosiale godar, avlønning, opparbeiding av pensjonspoeng, rettigheter ved sjukmelding m.m. Familiane må kjenne seg trygge og ivaretatt når dei tek på seg ei så stor og viktig oppgåve.

Det siste momentet eg ønskjer å trekkje fram er rettleiing. Det å ha ansvaret for eit fosterbarn er ikkje det same som å ha eit eige barn som du har fått vere med å prege sidan fødselen. Det er mykje som er annleis, og utan rettleiing er det fare for at desse barna ikkje får god nok omsorg i sin nye heim, rett og slett fordi fosterforeldra ikkje har kunnskap nok og dermed ikkje evnar å forstå barna og vere sensitiv nok til å gi dei optimale utviklingsvilkår.

Alle desse momenta kunne det vere interessant å skrive meir om og dra inn i oppgåva. Dette var det imidlertid ikkje rom for i denne omgang, men det kan absolutt vere av interesse ved eit anna høve.

Det kunne også vore interessant med vidare forskning rundt samvær med biologisk familie, og om det er råd å sjå eit mønster i om dette påfører barna skade.

7.0 Litteraturliste

Barnevernloven. 1993. *Lov av 1. januar 1993 nr. 45 om barnevern*. Lest dato: 25.05.16
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

Bath, Howard. 2008. «Traumebevisst omsorgs tre grunnpilarer» (Reclaiming Children and youth, fall 2008)

Blindheim, Arne. 2012. «Ettvirkninger av traumatiserende barndom og oppvekst». *Norges barnevern 3-2012*.

Forskrift om fosterhjem. 2003. Barne- og likestillingsdepartementet. Lest dato: 25.05.16
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/forskrift-om-fosterhjem/id92232/>

Gulbrandsen, Liv-Mette. 2014. *Oppvekst og psykologisk utvikling. Innføring i psykologiske perspektiver*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jacobsen, Heidi. 2009. «Fosterbarn med tilknytningsvansker og tilknytningsforstyrrelser – hvilke veilednings- og behandlingsmetoder bør vi anbefale?». *Norges barnevern nr 1-2009*.

Kvello, Øyvind. 2015. *Barn i risiko*. 2. utgave. Oslo: Gyldendal akademisk forlag.

Løvlie Shibbye, Anne-Lise. 2004. *En dialektisk relasjonsforståelse. I psykoterapi med individ, par og familie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Powell, Bert, Cooper, Hoffman og Marvin. 2015. *Trygghetssirkelen – en tilknytningsbasert intervensjon*. Oslo: Gyldendal akademisk forlag.

Røkenes, Odd Harald og Hansen. 2012. *Bære eller bryte: kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget

Schofield, Gillian og Beek. 2014. Å fremme tilknytning og resiliens. Trygg base modellen – en veileder for fosterforeldre. RKBU Vest og Uni Research Helse. Lest dato: 25.05.16
https://uni.no/media/manual_upload/Trygg_Base_-_hefte_for_fosterforeldre.pdf

Smeplass, Sigrid Finsland. 2009. «Tilknytningsteori i møte med praksisfeltet ved plassering av små barn i fosterhjem». *Norges barnevern nr 3-2009*.